



ÅRSMELDING 2018

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Mathias Våg Skjold (styremedlem), Rita Kristine Aaker (styremedlem), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har hatt møter/kommunisert via lukka Facebook-gruppe etter behov. I tillegg planleggings – og evalueringsmøte i samband med ulike arrangement. Det har fungert veldig godt.

VUL har som mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. VUL i det siste støtta leikeplassprosjektet «Med hjartet på rette staden» og i tillegg kunstgrasbaneprosjektet i Vikedal. Elles gir me gode tilbod på lyd og lys når det er barn - og ungdomsarrangement. Det hender også at me har gratis utleige, dersom det er med på å hjelpa arrangementa i hamn. Blant anna gir me halv pris på 4H arrangement og arrangement i regi av skulen. Ein annan støtte me gav dette året var å gi gratis lyd på Moa Hundseid sitt føredrag ho hadde på bygdehuset i samarbeid med 8. klasse.

VUL har også dette året hatt god inntekt på utleige av lyd – og lysanlegg. VUL har ikkje kjøpt noko utstyr i 2018, men har erfart at det er behov for å gå til innkjøp av minimum 5 songmikrofonar. Dette blir ei sak for årsmøtet. VUL har dette året leigd utstyr til Ølmedal Rundt, Hestanipen Opp, 4H, 17.mai, skuleball, NMK, private arrangement, Vindafjord IL (Beach-volleyball, Joker Vikedal Cup, skirenn), Rival handball, juletreffest m.fl. Dersom det er personar i dei ulike laga som kjenner anlegget til VUL, og som kan ta ansvar for rigging og lyd/lysstyring, tek VUL kun leige for sjølve utstyret. Dette for å gjera det billigare for laga som treng god lyd.

Årsmøtet i fjor vedtok at me skulle seia opp avtalen med Røde Kors, det blei gjort og VUL rydda ut. Men, det viser seg at det er eit rom til med utstyr som ikkje VUL var klar over. Det har ført til at laget har betalt leige også i år. Rommet er rydda, og framover så vert VUL ikkje krevd for leige lengre.

Eit lite hjartesusk; for dei som har med lyd og lys i styret erfarer at det er veldig dårleg system på bygdehuset. Det er fleire som «tek seg til rette» og bruker utstyret og rydder ikkje opp etter seg. Det er fånyttas å rydde og få system den eine veka, for så å møte eit rotete rom veka etter. Det må skje ei endring her. Dette vert også årsmøtesak, der ein inviterer styret i bygdehuset til å engasjere seg i dette og bli med på å finne ei betre ordning. Det er



mange års investering, så me må ha ein plan for å ta vare og ha kontroll på utstyret vårt.

18.juli arrangerte VUL, tradisjonen tru, barne – og ungdomsdisko, på Vikedal Bygdehus. Dette var eit kjekt arrangement, det gav greie pengar i kassen. Ungane såg ut til å kosa seg med dans og konkurransar. Takk til DJ Jørgen for god hjelp med musikken. Kaptein Hjørnetann vart også dette året tatt godt i mot under dagarrangementet på Sommarfestivalen i Vikedal, laurdag 21. juli. I år var me så heldige å få med oss Bjørn Cato Aarekol, crosscart-eksperten. «Kaptein Hjørnetann på leit etter BC» stod det på plakaten, og gjeitt om mange møtte opp for å hjelpa Kaptein Hjørnetann å finne han, og ikkje minst sjå han gå planken. Dei som møtte opp fekk også sjå den flotte crosscarten hans.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondsmidlar: 13.626 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- Mva kompensasjon: 8.949 kr
- RU aktivitetsstøtte: 5.000 kr

Dette året fekk VUL heile 8.538 kroner som Grasrotmottakar. Det er me veldig nøgde med. Styret må halda fram med å rekruttera fleire til å velja Vikedal Ungdomslag som grasrotmottakar. Dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

Til saman har det kome over 46.000 kr i støtte frå ulike hald til Vikedal Ungdomslag, det er me veldig glade for. Dei kjem godt med.

VUL arrangerte også i år PubQuiz saman med Midtbygdens Ungdomslag 10.november. Me fekk eit godt overskot, som me då delte likt med MUL. Kwart lag fekk ca. 15.000 kr, noko me er godt nøgde med. Det var bra med deltakarar på quiz'en, som også i år blei leia på ein veldig god måte av Quizmaster Solgunn Liestøl. Etter quiz'en kom det også ein god del personar. Totalt stilte ca 180 personar denne kvelden. PSB spelte opp til dans, og dei tok denne kvelden ein symbolsk sum for jobben for at overskotet skulle bli størst mogleg. Det set me pris på. Takk til MUL for godt samarbeid, me håpar på fleire samarrangement framover.

Styret i VUL har representert laget på eit arrangement i regi av Sandeid UL «Hakkebakkeskogen». VUL takkar for invitasjonane og gratulerer Sandeid UL med flott framsyning.

Vikedal bygdehus og RU inviterte til årsmøte 13. – og 16. mars, altså etter årsmøtet til VUL,

Mobil: 98 28 68 72
E-post: nils.erik@haugnett.no

Kontonr: 3244 05 20501
Org.nr: 984 039 883
www.vikedal-ungdomslag.no



planen er at VUL har representantar på begge desse årsmøta.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

Takk for i år!

01.03.19

Nils Erik Eide

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "N. Eide".

Leiar Vikedal Ungdomslag